

## Statens vegvesen

FASIT ingeniørtenester AS  
Galdetoppen  
6869 HAFSLO

Behandlande eining:  
Region vest  
Sogn distrikt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Henning Kristiansen - 57655817

Vår referanse:  
2007/008592-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
26.01.2007

### **Merknad til nabovarsel for oppstart av anleggsarbeid - Kjørnes III**

Vi viser til Dykkar nabovarsel av 15.01.2007 om oppstart av anleggsarbeid for bustadfeltet Kjørnes III.

Kryssområdet ved riksveg 5 må omarbeidast i samsvar med reguleringsplanen før vidare utbygging i området. Dette inneber stenging av krysset på nordsida av riksvegen, fjerning av busslommer og bygging av forbikøyringslomme, jf. reguleringsplanen. Ved stenging av krysset på nordsida er det viktig at dreneringstilhøva vert utbetra. Krysset på sørsida av riksvegen må utbetrast slik at det stettar krav til sikt og utforming. Det skal etablerast dråpeøy i sideveg.

I vår uttale av 21.12.1995 sa vi at dersom ikkje tilhøva kring sikt, drenering, forbikøyringslomme vert endra, er brevet (uttalen) å rekne som varsel om motsegn til planen. I saksutgreiinga datert 29.03.1996 er kostnadane med kryssutbetring riksveg 5 teke med, inkludert forbikøyringsfelt, støttemurar, frisisiktsone, dråpeøy m.v. Ut frå dette har også kommunen sett det som ein føresetnad at krysset vert utbetra ved utbygging av Kjørnes III.

Før arbeid vert sett i gang på/ved riksveg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Veg - Sogn distrikt  
Med helsing

Eivind Yttri  
seksjonsleiar

Odd Henning Kristiansen

Kopi: Sogndal kommune, Postboks 153, 6851 SOGNDAL

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52